

Regionalt kompetansenettverk for CFS/ME i Helse Vest

Handlingsplan 2015

Bakgrunn

Hovudoppgåva til Regionalt kompetansenettverk for CFS/ME er å bidra til at utgreiing, behandling og oppfølging av pasientar med CFS/ME i Helse Vest held høg fagleg kvalitet, og at pasientane får likeverdig tilbod i HF-a. Til grunn for skissa av Handlingsplanen 2015 er rapport om «*utredning, behandling og oppfølging av pasientar med kronisk utmattingsyndrom CFS/ME i Helse Vest*» (2013) og Nasjonal rettleier frå 2014 som omhandlar «*Pasientar med CFS/ME: utreiing, diagnostikk, behandling, rehabilitering, pleie og omsorg*» frå Helsedirektoratet er blitt nytta. Andre aktuelle dokumenter har vore «*Forskrift om rehabilitering, habilitering, individuell plan og koordinator*» (2012).

Mandat

Etter anbefalingar i rapporten: «*utredning, behandling og oppfølging av pasientar med kronisk utmattingsyndrom CFS/ME i Helse Vest, 2013*» har det Regionale kompetansenettverket fått følgjande mandat:

Kompetansenettverket søker å etablere gode pasientforløp med koordinering av tenestene. Nettverket skal utarbeide felles prosedyrar som bør vere like på tvers av HF-a. Kompetansenettverket skal legge til rette for erfaringsutveksling mellom HF-a og til kompetansehevingstiltak i regionen. Dei skal vidare planlegge og gjennomføre minst eit årleg seminar/konferanse for aktuelle tenesteytarar i regionen. Her skal kompetansenettverket vurdere om det er hensiktsmessig å invitere inn tenesteytarar frå primærhelsetenesta. I tillegg skal dei bidra til eit konstruktivt samarbeid på tvers av ansvarsnivå, inkludert primærhelsetenesta. Det vil vere hensiktsmessig å samarbeide med praksiskonsulentane i HF-a, samt et samarbeid med Nasjonalt kompetanseteneste for CFS/ME, for å sikre lik tilnærming nasjonal til gruppa.

Handlingsplan 2015

I arbeidet med skissa av handlingsplanen for 2015 har den Regionale kompetansegruppa for CFS/ME komen med forslag til tiltak ut ifrå dei ulike punktane i mandatet. Mandatets hovudoppgåver er forsøkt forenkla og nytta som overskrift i kvart punkt i handlingsplanen med **utheva**

skrift. Tiltaka er formulert på bakgrunn av dei innspela kompetansegruppa ga både i første møtet i desember 2014 og oppfølginga i etterkant av dette. Tiltaka er presentert i underpunkter under kvart hovudpunkt. Enkelte tiltak som har komet fram, og blitt tatt med i skissa, velje vi å utsette til 2016-2017.

Avtalte møter for 2015

04. mars 2014: klokken 10.30 til 14.30

20. mai 2015: klokken 10.30 til 14.30

16. sept 2015: klokken 10.30 til 14.30

01. des 2015: klokken 10.30 til 14.30

02. des 2015: Konferansedag

Nesttun 15.1.2015

Merethe Hustoft

Stipendiat/Nettverkskoordinator

Regionalt kompetansesenter for
habilitering og rehabilitering i Helse Vest



Telefon: 55 91 85 43/ 480 37 840/video:90 77 84

www.helse-bergen.no/kompetansesenter-habrehab

HANDLINGSPLAN 2015

Kompetansenettverkets hovudoppgåve er å bidra til at utgreiing, behandling og oppfølging av pasientar med CFS/ME i Helse Vest held høg fagleg kvalitet, og at pasientane får eit likeverdig tilbod.

NR	TILTAK	ANSVAR/ FREMDRIFT	SAMARBEID	ÅR	RAPPORTERING
1a.	Etablere gode pasientforløp med god koordinering av tenestene:				
	1) Pasienten bør kunne forholde seg til ein sjukehusavdeling/koordinator under heile forløpet	HF repr	Brukarrepr Andre?	2015	
	2) Undersøkje forbetningsområder i diagnostikk og behandling	HF repr	Brukarrepr Andre?	2015	
	3) Undersøkje samhandlinga i spesialisthelsetenesta, unngå fragmentert tenester	HF repr	Brukarrepr Andre?	2015	
	4) Bidra til økt bruk av IP og koordinator for pasientgruppa	HF repr	Brukarrepr Andre?	2015	
	5) Sikre at alle aldersgrupper blir ivaretatt	HF repr	Brukarrepr Andre?	2015	

NR	TILTAK	ANSVAR/ FREMDRIFT	SAMARBEID	ÅR	RAPPORTERING
1b.	Utarbeiding av felles like prosedyrar på tvers av HF-a: 1) Utarbeide felles like prosedyrar for alle HF-a	HF repr	Brukarrepr Andre?	2015	
	2) Lage oversikt over alle aktørane i spesialisthelsetenesta	HF repr	Brukarrepr Andre?	2015	
	3) Lage oversikt over tilbod i spesialisthelsetenesta	HF repr	Brukarrepr Andre?	2015	
	4) Lage oversikt over spesialisthelsetenesta sine oppgåver	HF repr	Brukarrepr Andre?	2015	

NR	TILTAK	ANSVAR/ FREMDRIFT	SAMARBEID	ÅR	RAPPORTERING
2.	Bidra til konstruktivt samarbeid på tvers av ansvarsnivå, inkludert primærhelsetenesta:				
	1) Utvikle ein nettside for pasientar/pårørande/andre	HF repr	Brukarrepr Andre?	2015	
	2) Tilby rettleiing og kompetanseheving til ulike avdelingar i spesialisthelsetenesta	HF repr	Brukarrepr Andre?	2015	
	3) Undersøkje om «flygeblad» eller «nyheitsbrev» kan nyttas i hensikt å auke samarbeid på tvers	HF repr	Brukarrepr Andre?	2015	
	4) Utforme og utvikle spesialisthelsetenesta si rolle ovanfor kommunane	HF repr	Brukarrepr Andre?	2016 2017	
	5) Etablere eit samarbeid mellom HAB/REHAB	HF repr	Brukarrepr Andre?	2016 2017	
6) Bli kjent med kommunanes sine oppgåver for pasientgruppa (IP/koordinator funksjonen i kommunen)	HF repr	Brukarrepr Andre?	2016 2017		

NR	TILTAK	ANSVAR/ FREMDRIFT	SAMARBEID	ÅR	RAPPORTERING
2.	7) Utvikle tiltak for rettleiing og kompetanseheving til kommunehelsetenesta	HF repr	Brukarrepr Andre?	2016 2017	
	8) Invitere og samarbeide med praksiskonsulentane for å planlegge tiltak ang. samhandling på tvers av tenesteområder	HF repr	Brukarrepr Andre?	2016 2017	

NR	TILTAK	ANSVAR/ FREMDRIFT	SAMARBEID	ÅR	RAPPORTERING
3.	Erfaringsutveksling mellom Helseføretaka:				
	1) Utvikle program for skolering, opplæring og erfaringsutveksling til alle HF	HF repr	Alle	2015	
	2) Undersøkje erfaringa vi har i Helseføretaka	HF repr	Alle	2016 2017	
	3) Planlegge og sette opp nettverksmøter	HF repr	Alle	2016 2017	
4.	Gjennomføre minst eit årleg seminar/konferanse:			2015	
	1) Plan for innhald i seminar 2015 (detaljer seinare)	Nettverks- koordinator	Alle		
	2) Nytte brukarerfaringar	Brukarrepr	Alle	2015	
	3) Praktisk planlegging	Kompetanse- senter	Alle	2015	
	4) Samarbeide med Nasjonal kompetanseteneste for CFS/ME for bidragsytarar til seminaret/konferansen	Nettverks- koordinator	Alle	2015	

NR	TILTAK	ANSVAR/ FREMDRIFT	SAMARBEID	ÅR	RAPPORTERING
5.	Samarbeide med Nasjonalt kompetaneteneste for CFS/ME for å sikre like tenester:		Alle		
	1) Etablere kontakt med Nasjonal kompetanseteneste	Nettverks- koordinator	Inghild Follestad Nina Langeland (begge er HV repr frå nettverket)	2015	
	2) Kontakte representantar frå kompetansetenesta som kan bidra inn i nettverksgruppa og seminar /konferanse	Nettverks- koordinator	Alle	2015	
	3) Nettverksgruppa blir informert om PhD arbeid frå kompetansetenesta	Nettverks- koordinator	Alle	2016 2017	